



HARALD BJØRNDAL AS
Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

Dato: 08.02.2017
Vår ref.: 2017/281-8
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av reguleringsendring for Galanten - Tysnes kommune

Vi viser til brev datert 11.01.2017 om oppstart av arbeid med reguleringsendring for reguleringsplan for Galanten gnr.106, brn.7 m.fl. Tysnes kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å utvide eksisterande reiselivsverksemd med nye kaiar og flytebrygge. I kommuneplanen er området sett av til busetnad og anlegg. Dei tilgrensande areala i sjøen er i kommuneplanen regulert til kaste og låssetingsplass. Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Oppstartsmeldinga som ligg føre er noko minimalistisk utforma. Vi etterlyser mellom anna meir informasjon om den gjeldande vedtatte reguleringsplanen i området.

I det vidare planarbeidet vil vi leggje serleg vekt på:

- Friluftsliv
- Klima og energi
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Strandsone
- Universell utforming

Meir om landskap

Planområdet ligg innafor det regionale landskapsområdet Tysnesvika - Gripnesvågen. Landskapet er kjenneteikna av eit indre øy, holme og skjergardslandskap. Areala i sjøen ligg innafor det regionela friluftsområdet Humlevika der det er verdiar knytt til sjø og strandsone. Det er viktig å minne om at nye tiltak skal ha god tilpassing til terreng og bygde omgjevnader. Det bør vektleggast arkitektoniske kvalitetar utført i varige materialar og godt gjennomarbeidde detaljar. Det skal visast særleg omsyn ved plassering og utforming av bygg eksponert i landskapet. Bruk av støttemurar, skjeringar og fyllingar skal avgrensast.

Meir om strandsone

Hordaland fylkeskommune minner om Regional kystsonenplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger som er under arbeid. Planen har mål som gjev at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur –og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. I strandsona er det viktig å ivareta allmenne interesser og hindre uheldig utbygging.

Det er i planen ynskje om å regulere for auka aktivitet knytt til reiselivsverksemd med kaier, båtplassar og flytebyggjer. Vi vil be om at det vert lagt til rette for fellesløysingar når det gjeld å legge til rette for auka aktivitet i strandsona på Galanten , til dømes gjennom felles tilkomstbrygge, dvs. ein felles bryggje som skal nyttast av fleire brukarar for å sikre naudsynt tilkomst til naustområdet. Det bør og gjelde for flytebyggjer, at desse også vert lagt opp til felles bruk. Det skal vera mogleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust/naustmiljøet. Vi ber om at ein sikrar utbygging som ikkje stengjer for tilkomsten til sjøen verken fysisk eller med privatiserande element.

Meir om kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet.

Viser til vårt fråsegn av 09.03.2006 da reguleringsplanen var på offentleg høyring. Her hadde vi merknader knytt til ei eldre sjøbu og eksisterande steingard i område: «*Det vil vera naturleg å regulere både steingarden og sjøbua til spesialområde-bevaring/vern ihht. Pbl § 25,6 slik at desse elementa vert sikra mot riving og uønskte endringar. Det må då knyttast særskilte reguleringsføresegner til sjøbua som seier kva type endringar som er tillate og kva som ikkje kan tillast.*»

Der må utarbeidast gode føresegn for å sikre kulturminneverdiane i dette området. Føresegna bør ta med seg desse omsyna i planen. Område med viktige natur- og kulturmiljø skal ivaretakast. Nye tiltak må gjennomførast slik at kvalitetane i landskapet eller bygningsmiljø ikkje vert redusert

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på friluftsliv, klima og energi, landskap, strandsone, universell utforming, kulturminne og kulturmiljø,

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Silje Øvrebø Foyn, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

427#2269.757b7a29-6e12-42d0-edi9-7feab57e34c0.5

